

Rørende og sterkt i Jondal kyrkje

Tekst: Margot-Helene Backer-Owe

Søndag 5. november inviterte Jondal sokn & Jondal grendakor til «Ord, songar og musikk i høve helgmesse». Det vart ei rørende og sterk markering av både døden og livet. Fiolinist og baryton Leif Jone Ølberg, og sopran Anne-Cathrine Eiken serverte nydelege klassiske stykke av kjende komponistar som Faure, Händel, Schubert og Bach. Musikken var av det rolege slaget, som verkeleg fekk pulsen ned og gjorde godt for sjela. Kantor Anne Karin Stormyr akkompagnerte det heile med piano eller orgel. Underteikna fekk vera med, å lese dikt og bibeltekstar, som fletta det heile saman.

Siste del av konserten vart delar av verket «Visst skal våren kome», med tekstar av Eyvind Skeie og tonar av Sigvald Tveit, framført. Verket har fokus på tekstar frå Johannes Openberring, og det som ventar oss i det evige livet. Jondal Grendakor imponerte oss alle med usedvanleg vakker samklang. I kombinasjon med Eiken si nydelege sopranrøyst, var dette ein fryd å høyra på. Dette vart ei verdig markering av både det som er vondt med det å miste nokon, og det som er godt med å ha eit evig håp. Kanskje det kan bli tradisjon framover å ha klassisk konsert ved helgemessesundag i Jondal? Vi gjekk alle heim med litt meir trøyst, litt meir tru og litt meir håp i hjartet.



Foto – Angunn Handegard Trå

Ivrar du for Speidararbeid?

I Odda og Tyssedal har det gjennom mange tiår vore speidararbeid. Dei siste åra, sidan 2020, har arbeidet lagt nede. Dette grunna mangel på frivillige. Me tenkjer at det trengs om lag ti vaksne frivillige for å drive eit slikt arbeid på ein berekraftig måte. Styret i Odda KFUK/KFUM-speidarar består i dag av diakonimedarbedar Margot-Helene Backer-Owe, Hilary Mobbs, og Torhild Austrått Kristensen.

Laget er velsigna med mykje godt utstyr til turar og friluftsliv, og har økonomiske midlar til disposisjon.

Dersom du kan tenkje deg å bidra inni dette arbeidet, med smått eller stort, set vi pris på om du tek kontakt. Ta kontakt med ein av oss i styret om du vil vite meir, eller vil hjelpe til med å vekke til live speidarrørsla i Odda igjen. Tlf. til

Margot-Helene 924 58 915

